

OPPDRAGSBESKRIVING

Karriere Møre og Romsdal er eit tilbod om karriererettleiing for vaksne i fylket.

Det syner seg at mange ønsker å gjere ei forandring i løpet av yrkeskarriera si. I slike høve kan det vere behov for ein samtalepartner. Det kan vere mange grunnar til at det er behov for ein nøytral samtalepartner i samband med yrke og utdanning.

Karriere Møre og Romsdal er og eit tilbod om kompetanseheving av rådgivarar, lærarar, ansatte i NAV og andre som er involvert i karriererettleiing for barn, unge og vaksne.

Rettleiinga skal vere eit desentralisert tilbod i alle dei fire regionane i fylket. Det er ei målsetting at veksøkarane ikkje skal ha meir enn ein time reiseveg kvar veg.

Responstid = 3 virkedagar frå dei får tidelt oppdraget.

I perioden 01.11.2014 til 31.12.2016 er det gjennomført eit pilotprosjekt der 5 utføringsverksemdar i fylket var leverandørar av tenestene. På bakgrunn av piloten er det beslutta å vidareføre tenestene, og det skal inngås kontrakt med inntil 5 aktørar som skal dekke geografisk område Møre og Romsdal:

| Område | Antall Leverandørar (firma) | Plassering i pilotperioden |
|----------------|-----------------------------------|----------------------------|
| Søre Sunnmøre | 1 | Ørsta |
| Sunnmøre elles | 1 | Ålesund |
| Romsdal | 1 | Molde/Åndalsnes |
| Indre Nordmøre | 1 | Sunndal/Sumadal |
| Ytre Nordmøre | 1 | Kristiansund |

Leverandøren kan berre levere innanfor sitt geografiske område, som altså gir maksimum 1 time reiseveg med kollektivtransport/bil ein veg for brukarane.

Det kan gis tilbod på eitt eller fleire geografiske område.

Avtaleperioden er 3 kalenderår frå 01.01.2017.

Alle miljø som fyller krava som er stilte i anbudsdokumenta er velkomne til å søkje. Pga av krav til kontinuitet blir det ikkje inngått avtale med enkeltmannsforetak.

1. INFORMASJON OM PROSJEKTET

1.1 Målsettingane med Karriere Møre og Romsdal

Bidra til auka gjennomføring av vidaregåande opplæring gjennom kompetanseheving av rådgivarar i skolen

Bidra til endå fleire kompetente og motiverte arbeidstakarar til næringslivet i Møre og Romsdal gjennom individuelle rettleiingssamtalar, eller grupperettleiing

Kompetanseheving gjennom kurs til privat og offentlig sektor

Gi tilbod om gratis karriererettleiing til vaksne som ikkje har rett til karriererettleiing gjennom lov og forskrift.

1.2 Målgruppe og Opptakskrav

- Unge og vaksne over 18 år
- Rådgjevarar

- Lærarar
- Bedrifter
- NAV
- Andre grupper kan være aktuelle for kurs

Møre og Romsdal fylkeskommune skal, gjennom Karriere Møre og Romsdal gje tilbod om kompetanseheving og kurs, innanfor feltet karriererettleiing, til rådgjevarar i skolen og rådgjevarar hos NAV.

Opplæringslova § 4A-8: «Vaksne med rett til opplæring etter §§ 4A-1 og 4a-2 har rett til rådgiving for kartlegging kva tilbod den vaksne har behov for».

Saksnr.: U-60/10 til Fylkesutvalet og 15/10 til Utdanningsutvalet:
«Styrke arbeidet med utvikling av partnerskap med kommunar, NAV, høgskolar og næringslivet for karriererettleiing i eit livslangt perspektiv, med sikte på konkret utprøving av karrieresentra i fire regionar frå 2011».

Fylkesplan 2013-16, Møre og Romsdal fylkeskommune; «Sikre at unge og vaksne har eit godt grunnlag til å gjere val av utdanning, yrke og karriere, gjennom ei kvalitativ god yrkes- og utdanningsretteiing, og retteiing om karrieremoglegheitene i Møre og Romsdal».
Karriererettleiing for vaksne er ikkje ei lovpålagd oppgåve.

Tilbodet er retta mot Ungdom og vaksne over 18 år. Det er ein føresetnad at vegsøkarane meistrer norsk. Rettleiingane føregår på norsk.

Mengd deltakarar skjer utifrå etterspurnad frå ein skilde vegsøkarar, bedrifter, rådgjevarar og andre som treng retteiing eller kompetanseheving.

2. INNHALD I LEVERANSEN

2.1 Karriere Møre og Romsdal skal hjelpe med

- Rettleiing om utdanning og arbeid
- Interessekartlegging
- Råd i arbeidet med å skrive CV eller jobbsøknad
- Råd til jobbintervjuet
- Kurspakkar for privat og offentlig sektor

Vi kan gjennom retteiing bidra til å auke bevisstheita på kven du er, kva du kan, kva du vil og kva du interesserer deg for.

2.2 Mengd retteiingstimer til vegsøkarane

Vegsøkaren får tilbod om retteiingstime. I denne samanheng er ein time definert som 90 minutt. Leverandøren kan totalt bruke 120 min pr retteiing, denne tida skal inkludere alt arbeid som telefon/epostkontakt i tillegg til retteiingane.

Det er ikkje krav om rapportskriving i etterkant av ein time.

I nokre tilfelle kan ein vegsøkar ha behov for meir enn ein time. I slike tilfelle skal det vere «heimelekse» og klar målsetting med den neste timen.

Kurspakkar og anna oppdrag skal vere på oppdrag frå og planleggjast saman med Karriere Møre og Romsdal.

2.3 Organisering og pedagogisk rettleiing

OECDs definisjon på karriererettleiing, oversett til norsk av VOX

Karriererettleiing viser til tenester og aktiviteter som skal hjelpe personer, uavhengig av alder og tidspunkt i livet, til å ta val når det gjeld utdanning, opplæring og arbeid, og til å handtere eigen karriere.

Rettleiarane må sikre at kvaliteten på rettleiinga som blir gitt er i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Rettleiarane må følge VOX (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) sine føringar for drift av karrieresenter i Norge.

2.4 Kursmateriell

Materiell som vert utarbeidd til individuell rettleiing eller andre oppdrag i betalt tid er Karriere Møre og Romsdal sin eigedom.

Kopi av materiell; hefte, presentasjonar og liknande skal liggje ved når det rapporterast på oppdraget til koordinator for oppdraget.

Karriererettleiarane hauster og deler erfaringar som kan vere grunnlag for kvalitetsforbetring i tenestene til Karriere Møre og Romsdal.

2.5 Kompetanse

Rettleiarane som er tenkt brukt i rettleiinga blir presentert med CV i tilbodet. I tillegg skal det i tilbodet gjerast ein kort presentasjon av kvar enkelt rettleiar.

Krav til kompetanse er formell rettleiingskompetanse og relevant arbeidspraksis. Rettleiarane må ha erfaring med personleg rettleiing og motivering.

Rettleiarane må ha kompetanse til å minimum kunne nytte WIE og Jobpics. Kjennskap og kompetanse med andre kartleggingsverktøy er ein fordel.

Evne til nettverksbygging og å gjere seg kjent i lokal, regional og nasjonal arbeidsmarknad og utdanningsmoglegheiter er viktige eigenskapar.

Løysnings- og moglegheitsfokuset skal stå sentralt i rettleiingane. Rettleiarane skal vere klare på at dette tilbodet omfattar karriererettleiing åleine.

Andre behov veggsekaren har er ikkje innanfor rettleiaren sitt mandat.

2.6 Rettleiingslokale og teknisk utstyr

Nytting av lokale, med nødvendig teknisk utstyr til rettleiing, er inkludert i timesatsen for karriererettleiingane.

Dette omfattar pc, internettilgang og telefon.

Lokala skal vere egna for å ta ivare aktiviteter som individuell rettleiing og mindre gruppevise rettleiingar. Lokala skal ha tilfredstillande kvalitet med omsyn til innemiljø, ergonomisk tilpasning og fysisk tilgjengelighet, jf. Prinsipp og universell utforming.

Utgifter til kopiering og telleskritt dekkes av leverandør.

Leverandør stiller med tilgang til WIE.

2.7 Omdømmebygging og informasjon

Tilbudet er avhengig av eit godt omdømme. Rettleiarane er forplikta til å framsnakke tilbudet og dermed bidra til at Karriere Møre og Romsdal når potensielle veksøkarar.

3. EVALUERING OG RAPPORTERING

For ordninga er det ein koordinator som skal administrere og vere bindeledd mellom fylkeskommunen og leverandørane på denne avtalen. Han skal mellom anna formidle søkarane til karriererettleing, og skal også vere den leverandørane skal rapportere til i avtaleperioden.

3.1 Evaluering

Brukarundersøking

Rettleiarane er forplikta til å sørge for at flest mogleg av veksøkarane gjennomfører brukarundersøkinga. Brukarundersøkinga er eit viktig reiskap for Karriere Møre og Romsdal og VOX (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) i arbeidet for å betre kvaliteten på rettleiinga.

Evalueringa kjem attende til Karriere Møre og Romsdal på fylkesnivå.

Evaluering av eiga teneste

Rettleiarane deltek i refleksjon og arbeid med kvalitet på tenesta gjennom fagdagar og andre treffpunkt med Karriere Møre og Romsdal.

Det blir gjennomført samtalar på seinhausten kvart år mellom rettleiarar, åleine eller i gruppe, og Karriere Møre og Romsdal.

3.2 Rapportering

- **Rettleiingane:** Det skal månadleg og til fastsett dato rapporterast på rettleiingane etter ein fastsett rapporteringsmal.
- **Kurs og andre oppdrag:** Det skal utan opphald sendast rapport på gjennomført tiltak etter ein fastsett rapporteringsmal.
- **Økonomi/fakturering**
Det skal sendast inn faktura med vedlagt fakturagrunnlag for all aktivitet til ein bestemt dato kvar månad. Det er ein føresetnad for utbetaling at fakturagrunnlaget ligg ved fakturaen.

Dei individuelle rettleiingane vert ført i eige fastsett skjema per rettleiar.

Kurs og andre oppdrag vert ført i eige fastsett skjema.

4. ØKONOMI OG FAKTURERING

1. Stykkpris for individuelle rettleiingar pr gang: Det er satt av 90 minutt inkludert for- og etterarbeid til møte med brukeren. Leverandøren kan totalt bruke 120 min pr rettleiing, denne tida skal inkludere alt arbeid som telefon/epostkontakt i tillegg til rettleiingane.
2. Ved grupperettleiing, kurs og andre avtalte oppdrag skal det fakturerast time for time
3. Ved deltaking på obligatoriske fagdagar fakturerast faktisk kostnad for arbeidstakar time for time
4. Faktura med vedlegg for gjennomførte rettleiingar sendes fylkeskommunen månadleg.
5. Reisetid fakturerast som 1/3 time.

6. «Ikkje møtt til time»: Fakturere for 25% av prisen.
7. AMR betalar ut reiseutgifter til rettleiarane og vidarefakturerar månadleg saman med rettleiingstimane. Kopi av reiserekningar leggast ved.
8. Reiserekningar og dokumentasjon på reisetid må ligge ved den månadlege fakturaen.
9. Gjeld tilbodet ei bedrift betaler bedrifta ut reiserekninga og medgått reisetid. Bedrifta fakturerer Karriere Møre og Romsdal
10. Statens regulativ skal nyttas
11. Tenestene er ikkje momspliktige